

Noregs Mållag  
Postboks 474 sentrum  
0105 Oslo  
[nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

Kunnskapsdepartementet  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Oslo, 20. januar 2010

## **Høyringsmerknad frå Noregs Mållag til Kunnskapsdepartementet: Forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning**

Noregs Mållag vil med dette koma med våre merknader til framlegg til forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning.

### **Generelt**

Noregs Mållag meiner det er avgjerande at det, som i framlegg til forskrift, er særleg nemnt at kunnskap i norsk skriftleg er kunnskap i både bokmål og nynorsk.

### **Grunnleggjande dugleikar også for kandidatar 5. – 10. trinn**

Gjennom innføringa av Kunnskapsløftet har regjeringa gått inn for å satsa på å auka lese- og skrivekompetansen til norske elevar ved å gjera lesing og skriving til grunnleggjande dugleikar, som skal arbeidast med i alle fag. Dersom ein skal få dette til, føreset det at den norskfaglege kunnskapen om lesing og skriving blir trekt med i alle fag, og at samarbeidet mellom norsklærarane og faglærarar i andre fag blir betre på alle nivå i skulen, inkludert i høgare utdanning.

Noregs Mållag meiner det gjekk på tvers av denne satsinga å fjerna norskfaget som obligatorisk fag for dei som skal bli lærarar på 5.-10. klassesteget, slik regjeringa gjorde i Stortingsmeldinga *Læreren – rollen og utdanninga*.

Me undrar oss difor mykje over at departementet i punktet *Læringsutbytte særskilt for kandidatar 5. – 10. trinn* skriv at kandidatane skal ha

*kunnskap om arbeid med vidareutvikling av grunnleggjande ferdigheter (uttrykke seg muntlig, lese, uttrykke seg skriftlig, regne, bruke digitale verktøy) i og på tvers av fag, og kan tilrettelegge for progresjon i disse ferdighetene i opplæringa tilpasset elever på 5. – 10. trinn (vår uth.)*

Skal kandidatane evna å gjennomføra slik vidareutvikling av mellom anna lese- og skrive-dugleiken hjå elevane på tvers av fag, føreset dette såpass mykje kunnskap og dugleik hjå kandidatane sjølve at det krev særskild undervisning i lærarutdanninga. Korleis departementet meiner dette skal vera råd å få til utan obligatorisk norskfag for kandidatane på 5- 10. trinn, er vandt å få auga på i så vel rammeplanen som i forskrifta. Til dømes føreset dette at alle lærarar på ungdomssteget skal vera i stand til å bruka båe skriftmåla i sine respektive undervisningsfag, nettopp for at elevane skal kunne arbeida med grunnleggjande dugleikar i norsk utanfor norskfaget.

Noregs Mållag bed om at denne særskilde kompetansen – evna til å arbeida med lese- og skrivedugleik hjå elevane på tvers av fag, vert presisert i § 2 i forskrifta:

**Studentane skal ha kunnskap om bruk av nynorsk og bokmål i skulen, slik at dei kan bruke begge målformer som undervisningsspråk i alle fag**

### **Fritaksordningar**

Noregs Mållag er kjend med dei reglane som finst for fritak i prøve i eitt av skriftmåla. Me vil like fullt peika på dette: I framlegget til forskrifta § 5 heiter det at for kandidatar på 1. – 7. trinnet kan det bli gjeve fritak frå prøve i eitt av skriftmåla for studentar som har eit anna minoritetsspråk som morsmål, og som ikkje har vurdering i båe skriftmåla frå vidaregåande opplæring.

Den 11. september 2009 sende Utdaningsdirektoratet eit rundskriv der det heiter: *«Elever fikk fritak fra skriftlig sidemål på grunnlag av etnisk-språklig bakgrunn og ikke kompetanse fordi de kunne vise til et 'anna morsmål'.»* I § 3-22 i forskrift til opplæringslova er dette endra til *[e]levar som har hatt rett til særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskolen eller på Vg1, Vg2 eller Vg3 i vidaregåande opplæring, kan få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål”*

Det høver difor dårleg at departementet fører vidare ei mogleg opning for fritak på grunnlag av etnisk-språkleg bakgrunn ved å visa til mogleg fritak for elevar med ”anna morsmål”. Noregs Mållag gjer difor framlegg om at dette vert bytt med:

*Elevar som har hatt rett til særskild språkopplæring på Vg3 i vidaregåande opplæring, kan frå fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.*

Håvard B. Øvregård /s/  
Leiar  
Noregs Mållag